



Entreprenør Jørgen Prestegård AS  
Nedre Knappen 20  
5355 KNARREVIK

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 14/7339 - 14/26224

Saksbehandlar:  
Kristin Nielsen  
kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Dato:  
25.11.2014

## Førerels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 81/39

Kommunen stadfestar å ha motteke dykker søknad 04.11.2014.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Dykk må sende inn søknad om terregendring og eit tverrsnitt i samband med mellombels anleggsveg.

*Vi ser av søknadsmaterialet at tiltakshavar har søkt Hyttelaget og fått løyve frå dei til å opparbeide ein mellombels anleggsveg frå eksisterande parkeringsplass fram til eigedommen det søker om. Vegen er søknadspliktig overfor kommunen, og vi ber om at søknad om mellombels anleggsveg sendast til oss som ein søknad om terregendring. Vi har trong for eit tverrsnitt som syner kor mykje masse som skal fjernast. Vi gjer for ordens skuld merksam på at eit eventuelt løyve til anleggsveg vil bli gitt på vilkår av at han blir gjort om til ein gangveg som er maks 1,2 meter brei når anleggsarbeida er ferdigstilte.*

2. Det må sendast inn nytt situasjonskart som syner yttermål for bygget, samt avstand til nabogrense. Leidning og tilkoplingspunkt for vann, samt leidning og tilkoplingspunkt for avløpsanlegg må også teiknast inn.

Det er vist terrassar på planteikninga, om disse skal byggast må dei også teiknast inn i situasjonskartet.

3. *Dersom vannleidning og/eller avløpsleidning kryssar annan manns grunn:*  
Rett til å føre vannleidning og avløpsleidning over annan manns grunn, skal vere sikra ved tinglyst dokument eller på annan måte som kommunen godtar som tilfredsstillande, jf. pbl § 27-1 og § 27-2.



4. Eigedommen skal knytast til privat avløpsanlegg. Det må sendast inn erklæring frå eigarane av anlegget at den omsøkte eigedommen har rett til å knyte seg til det private avløpsanlegget.
5. Eigedommen skal knytast til offentleg vassverk. Det må sendast inn søknad om tilknyting til offentleg vassverk til eininga Teknisk drift i Lindås kommune. Dersom tilkopling til offentleg vassleidning skjer via privat vassledningsnett, må det også dokumenterast rett til å nytte dette.
6. Det må sendast inn snittteikning på nytt kor kotehøgde for møne og kotehøgde for overkant grunnmur eller golv er ført på.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 20.01.2015**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tor Hegle  
einingsleiar

Kristin Nielsen  
rådgjever

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Øyvind Wie Pedersen

Myrdalskogen 427 5117

ULSET

**Mottakarar:**

Entreprenør Jørgen Prestegård AS

Nedre Knappen 20 5355

KNARREVIK